



## Referat frå omframnt årsmøte 28. november 2013

kl 19:00 på Volda ungdomsskule

Frammøtte: 22 stk, av desse 19 medlemmar med røysterett.

### **Sak 1 Innkalling og dagsorden**

Innkallinga vart godkjent med 18 stemmer for og ei stemme mot.

### **Sak 2 Val av møteleiar og referent**

Herulf Brattli vart valt til møteleiar og Frode Opsvik til referent.

### **Sak 3 Godkjenning av plan for fornying av brygger.**

Herulf Brattli presenterte plan for utskifting av 3 brygger i Rotsethamna: Midtbrygga, brygga mot søraust og brygga langs moloen mot nord. Det vart vist til tilbodet frå Ørsta Marina som vart presentert på medlemsmøtet 16. oktober 2013. I ordsiftet som følgde vart det drøfta om det var nødvendig med 10 meter lange utriggarar/fortøyingsbommar. Det er truleg nok med 8 meters utriggarar sidan hamna ikkje kan nyttast av seglbåtar. På dei minste plassane kan det vere nok med 6 meters utriggarar. Det vart også konstatert av lysopninga til kvar båtplass vil bli redusert med ca 7,5 cm som følgje av at dei nye gangbare utriggarane er på 60 cm, mot dagens 45 cm. Styret bør vurdere å sortere båtane etter storleik for å utnytte bryggene best mogleg.

**Framlegg til vedtak: «Volda Småbåtlag går i gang med fornying av 3 brygger våren 2014 ut frå gjeldande tilbod frå Ørsta Marina.»**

Framlegget vart vedteke samrøystes.

### **Sak 4 Fullmakt til opptak av lån**

Samla kostnad for investeringa er om lag 1,8 millionar kroner og det er behov for eit lån på mellom 0,8-1,0 millionar kroner. Det vart presentert ein plan som viser at lånet kan betalast ned i løpet av 10 år med gjeldande kontingent som inntektskjelde. Sal av gamle brygger, eventuell momsrefusjon og dugnadsinnsats (t.d. transport og kraning) vil gi inntekter som ikkje er kalkulert inn i nedbetalingsplanen. Dersom vi får slike ekstraintekter kan lånet betalast ned raskare.

**Framlegg til vedtak: «Styret får fullmakt til å ta opp nødvendig lån.»**

Framlegget vart vedteke samrøystes.

Frode Opsvik

-skrivar